

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

**Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)**

| | |
|-------------------------|------------------------|
| Dato | 10.03.2023 |
| Vår referanse | 2023/37004-2 |
| Dykkar referanse | |
| Sakshandsamar | Sigrun Wølstad |
| E-post | Sigrun.Wolstad@vlfk.no |
| Telefon | 96944535 |

**Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gnr 156 bnr. 12 og 24 -
Austrheim kommune**

Vi viser til brev datert 24.02.2023 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift